

## Notat av 20.11.2017 etter formannskapet sin budsjettkonferanse 14.-15.11.2017

### Innleiing

Rådmannen legg her fram ein oversikt over tiltak som går utover det som allereie er innarbeidd i rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2018. Rådmannen ber formannskapet spesielt merkja seg Fylkesmannen sin uttale, og at vi her kan pårekna å få redusert skjønnsmidla tilsvarande det ein kuttar i eigedomsskatt. Dette vil få dramatiske konsekvensar for tenestetilbodet i Fusa, og i tillegg vil kapasiteten i organisasjonen til samanslåingsarbeidet verta vesentleg redusert. Rådmannen ber formannskapet ha med seg i vurderinga at i framlegget frå 26/10-2017 ligg det inne kutt tilsvarande ca 1,4 % i høve til drifta i 2017.

### Orientering om auka behov Pleie og omsorg

Det er meldt om auka avlastningsteneste for barn. Søknad er handsama og tiltaket vil starta allereie no i 2017. Behov for auka driftsramme til ansvar 5 Pleie og omsorg kr 318 000 frå 2018. Dette er ikkje innarbeidd i rådmannen sitt budsjettframlegg.

### Orientering om disposisjonsfond, delt ut 14.11.2017:

	2018	2019
Disposisjonsfond driftsføremål, 25695001, pr. 31.12.2016	-558 880	
Rekneskapsmessig mindreforbruk i 2016	-4 641 004	
Netto rekneskapsmessig mindreforbruk 2014-2015, bokført i 2017	-1 591 421	
Hordafast, KOM-vedtak 2017	200 000	
Konsulentrapport varslings sak, Sands, KOM-17	500 000	
Frå fond 2017	-179 793	
Tilbakebetaling av vegmidlar frå Hordaland fylke i 2019		-2 000 000
Korrigerings Statens pensjonskasse	892 000	749 000
<b>Til disposisjon i 2018 / 2019</b>	<b>-5 379 098</b>	<b>-1 251 000</b>

### Bestilling frå ei samrøystes, utvida formannsgruppe av 15.11.2017, ved Svein Lang:

«Gruppen konstaterer at vi arbeider med et **ramme-drifts budsjett** og velger i denne omgang å gi tilbake på rammen som rådmannen har sendt over:

- Reduksjon med 1,2 % av netto driftsplan, dvs kr. 2, 9 millioner Det er opp til rådmannen å forslå hvordan reduksjonen skal gjennomføres.
- Disposisjonsfond brukes til reduksjon av eiendomsskatten med kr. 2, 8 millioner.

### Investeringsbudsjett 2018:

I oversikten tas kun med endringer.

81	Betongdekke molo Vinnes	150	
200	overføring til Fusa søkn	2450	
261	Brannstasjon	4500	
1708	Asfaltering Baldersheim	3000	
1709	utviding av veg Tveitemarka formannskapsmøte 22 november.		Det utnevnes en adhoc gruppe i
1805	Kommuneplan kulturarbeid når Fusa blir Bjørnafjorden kommune		Planen skal inneholde perspektiver for
1806	Områdeplan Strandvik		Planforslag ferdig 1 oktober 2018.
1808	Forprosjekt pleie og omsorg	600	Forprosjekt ferdig juni 2018.

Gruppen diskuterte også nr. 20 avlaup og 30 hovudplan vann og ønsker å få en tilbakemelding om planer for oppstart og gjennomføring til formannskapsmøtet.»

### **Dialog med Fylkesmannen 16.11.2017 om skjønstilskot**

Etter budsjettkonferansen vart det stilt følgjande spørsmål frå rådmannen i Fusa til Fylkesmannen i Hordaland: *Eg lurar på om ein reduksjon i eigedomsskatten i Fusa vil kunne få konsekvensar for tildelinga av skjønnsmidler for åra som kjem. Korleis vil du vurdere dette?*

#### **Fylkesmannen sitt svar:**

«Fylkesmannen må se fordelingen av skjønnsmidler blant annet i sammenheng med eiendomsskatt i den enkelte kommune. Eiendomsskatt er et tiltak for å oppnå økonomisk balanse i kommunen. I retningslinjene fra departementet (KMD) om skjønnstildeling er det blant annet sagt : »Av dette følger det at kommuner som ikke iverksetter tiltak for å gjenopprette økonomisk balanse, ikke kan tildeles skjønnsmidler» . Dette gjelder ikke bare kommuner i ROBEK – registeret men kommuner med økonomisk ubalanse generelt.

Fylkesmannen i Hordaland har ikke tatt skjønnstilskudd helt bort fra kommuner med lav eller ingen eiendomsskatt. Men fylkesmannen må prioritere de kommunene med skjønnsmidler som har de største økonomiske utfordringene og samtidig utnytter sitt eget inntektsgrunnlag. Hvis skjønnsmidler i stor grad går til å dekke et inntektstap som følge av at kommuner ikke utnytter sitt eget inntektsgrunnlag, vil det være urettferdig mot de andre kommunene.

Gi tilbakemelding hvis du ønsker nærmere avklaring.»

*Kommentar: I rådmannen sitt budsjettframlegg er det lagt til grunn ei inntekt på kr 4,9 mill i årleg skjønstilskot for åra 2018-2021.*

**Spørsmål av 16.11.2017 til investeringsbudsjettet, ved Roger Hoel, H:**

«Kulturplan trenger 200.000.- til konsulenttenester/digitale kart. Kan vi få vite litt mer om hva dette innebærer?»

SVAR: Kulturplanen er ein kommunedelplan. Det betyr at det er lagt opp til ein omfattande prosess for medverknad og høyringar som er tid- og ressurskrevjande. For å få ein plan som er enkel i forma, men tydeleg på det politiske innhaldet, legg ein opp til å ha mykje av dokumentasjonen og det faglege innhaldet i vedlegg til planen.

Investeringsmidlane er tenkt nytta til å utarbeida denne faglege dokumentasjonen i form av kulturregistreringar, prosjektskisser og ei grafiske utforming som gjer planen lesverdig. Midlane er i nokon grad også tenkt til frikjøp av underteikna som prosjektleiar, slik at det vert frigjort tid til arbeida med planen i ein elles hektisk kvardag.

Anja Tveiterås var inne i eit engasjement i løpet av 2017 finansiert med tilskot frå HFK og Riksantikvaren for å arbeida med m.a. kulturhistoriske registreringar som grunnlag for kulturplanen. Det vil vera aktuelt å engasjera henne også i 2018 om det blir sett av pengar til det.

Utan ei slik løyving over investeringsbudsjettet kan det bli vanskeleg å gjennomføra løpet med kulturplanen.

### Bestilling frå rådmannen 16.11.2017 til einingane:

«Einingane vert utfordra på å visa 1,2 % av netto driftsramme, dvs. slik:

1	Samfunnsutvikling, økonomi og service	465 000
2	Barnehage	342 000
3	Undervisning	691 000
4	Helse, familie og velferd	263 000
5	Pleie og omsorg	1 070 000
7	Teknisk drift	77 000
8	Bjørnefjorden landbrukskontor	-
	Sum	2 909 000

Dersom nokon av einingane ser ei større innsparing enn det som er nemnt ovafor, skal dei også visa det som tiltak, slik at vi ser kva handlingsrom som finst.

Dei tiltaka som allereie er lagt inn i Arena, og som er vist i rådmannen sitt budsjettframlegg på side 23, kan inngå i summene de skal visa. Vi ber om tiltaka vert teksta Rådmannen2 ....»

### Kuttframlegg etter Formannskapet sin budsjettkonferanse, erstattar kutt på s. 23

	2018	2019	2020	2021
Samfunnsutvikling, økonomi og service	-852 628	-852 628	-852 628	-852 628

Rådmannen2 - ansv 1 - Ass. rådmannen tatt heilt ut av budsjettet	-575 549	-575 549	-575 549	-575 549
Rådmannen2 - ansv 1 - Redusera fritidsklubb (halvering)	-99 079	-99 079	-99 079	-99 079
Rådmannen2 - ansv 1 - Redusera kjøp av tenester med kr 100 000	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Rådmannen2 - ansv 1 - Redusera politisk møteaktivitet	-78 000	-78 000	-78 000	-78 000

<b>Barnehage</b>	<b>-379 692</b>	<b>-646 935</b>	<b>-646 935</b>	<b>-646 935</b>
Rådmannen2 - ansv 2 - Slå saman Holdhus barnehage og Jettegryto barnehage	-379 692	-646 935	-646 935	-646 935
Jettegryto barnehage (2524)	0	0	0	0
Holdhus barnehage (2624)	-379 692	-646 935	-646 935	-646 935

<b>Undervisning</b>	<b>-666 368</b>	<b>-723 350</b>	<b>-723 350</b>	<b>-723 350</b>
Rådmannen2 - ansv 3 - Avvikla buss til kyrkje. 2017	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000
Rådmannen2 - ansv 3 - Avvikla SFO i Nore Fusa - tilleggsinnsparing administrasjonssressurs	-24 204	-41 493	-41 493	-41 493
Rådmannen2 - ansv 3 - Redusera ramma til skulane med 11%-trekk fagarb./ass. i skulen	-582 164	-621 857	-621 857	-621 857

<b>Helse, familie og velferd</b>	<b>-264 417</b>	<b>-263 833</b>	<b>37 833</b>	<b>-263 833</b>
Rådmannen2 - ansv 4 - Kutt i konsulenttenester barnevern	-147 000	-55 000	-55 000	-55 000
Rådmannen2 - ansv 4 - Legevaktsbustad	-42 000	-58 000	-58 000	-58 000
Rådmannen2 - ansv 4 - Red. 1 dagsenterdag psyk helsevern	-75 417	-150 833	150 833	-150 833

<b>Pleie og omsorg</b>	<b>-1 186 622</b>	<b>-1 185 622</b>	<b>-1 185 622</b>	<b>-1 185 622</b>
Rådmannen2 - ansv 5 - Avvikla aktivitørstilling/ dagaktivisering for pas./bebuarar på FBBS	-138 926	-138 926	-138 926	-138 926
Rådmannen2 - ansv 5 - Stengja arbeids- og aktivitetssenter for utviklingshemma	-433 083	-433 083	-433 083	-433 083
Rådmannen2 - ansv 5 - Stengja dagsenter for eldre (E.osen & Baldersh.)	-614 613	-613 613	-613 613	-613 613

<b>Teknisk drift</b>	<b>-77 000</b>	<b>-77 000</b>	<b>-77 000</b>	<b>-77 000</b>
Rådmannen2 - ansv 7 - Red. vedlikehald komm. eigedommar	-37 000	-37 000	-37 000	-37 000
Rådmannen2 - ansv 7 - Redusert vegvedlikehald	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000

**Kommentarar til kuttlista frå dei ulike einingane:**

**Ansvar 1 – Samfunnsutvikling, økonomi og service**

**Tiltak 063 – Ass. rådmann tatt heilt ut av budsjettet**

Det er innbakt i rådmannen sitt framlegg at 1/2 stilling som ass rådmann vert trekt inn. Resten av stillinga kan også trekkjast inn. Denne stillingsreserven var tenkt til å auka opp stillingar, og på andre måtar kjøpa seg rom for arbeid med kommunereforma, men også til dagleg drift. Det at det er ein heil stilling som vert borte, vil få konsekvensar i at arbeid tek lenger tid eller ikkje vert utført.

Samla innsparing kr 575 000.-

#### **Tiltak 075 – Redusera fritidsklubb**

Fritidsklubben er ein populær og viktig aktivitet for denne gruppa. I dag er det klubbkveld 1 kveld til veka. Det er ikkje ei lovpålagt tenesta. Det kan difor vurderast om den kan reduserast til klubbkveld annakvar veke. Konsekvensen vil vera eit dårlegare tilbod til denne gruppa. Det kan også bety at det vert auka behov for støttekontakt.

Samnanger betaler for sine brukarar i Fusa sin fritidsklubb og det er i tillegg brukarbetaling som fell vekk. Halvering av tenesta gjev ei innsparing på kr 100 000.-

#### **Tiltak 064 – Redusera kjøp av tenester med kr 100 000**

Det er sett av kr 400 000 i budsjettet til kjøp av eksterne tenester. Ein stor del av dette har gått til advokat for spisskunnskap knytt til vanskelege saker. Dette eit område som det er vanskeleg å budsjettera med, men det blir foreslått å redusera med kr 100 000.-

#### **Tiltak 070 – Redusera politisk møteaktivitet**

Tiltak 063 inneber at eining 1 vert redusert med ein heil stilling i 2018. Det vil ha betydning for kva ein kan klarar å produsera av politiske saker.

Kommunestyret redusert med 2 møte til 4 møte: Innsparing kr 42 000 + reisekostnadar

Formannskapet redusert med 2 møte til 5 møte: Innsparing kr 18 000 + reisekostnadar

Planutvalet redusert med 2 møte til 5 møte: Innsparing kr 18 000

### **Ansvar 2 – Barnehage**

#### **Tiltak 066 – Slå saman Holdhus og Jettegryto barnehage**

Agenda-Kaupang-rapporten slår fast at det einaste området ein kan spara på innan barnehagesektoren, er gjennom strukturendringar. Dersom vi vel å slå saman Holdhus og Jettegryto kan vi spara kr 380 000 i 2018 og kr 647 000 i 2019.

I innsparinga er ikkje tatt høgde for auka renter og avdrag. Dette vil kunne utgjera ca. kr 170 000 i året og aukar utgiftene på ansvar 9.

Føresetnadar for innsparing i 2018 er:

- felles styrar frå 01.05.18
- oppstart i modulbygg 01.06.18
- tatt vekk inventar og utstyr på Holdhus
- reduksjonar på kvar konto på Holdhus, dvs. ei effektivisering av driftspostane

### **Ansvar 3 – Undervisning**

#### **Tiltak 074 – Avvikla buss til kyrkje**

Skulane oppsøker kyrkja i samband med jul og i 4. klasse. Dette er ikkje ei lovpålagt oppgåve for Fusa kommune. Konsekvensar for elevane: Små, eller ingen. Konsekvensar for tilsette: Små, eller ingen. Innsparing kr 60 000.

**Tiltak 076 – 8 % adm.ressurs (innsparing knytt til tiltak innarbeidd i rådm. sitt framlegg: Avvikla SFO i Nore Fusa)**

8% administrasjonsressurs vert redusert dersom ein avviklar SFO i Nore Fusa. Dette tilsvarar kr 24 000 i 2018 og kr 41 000 i 2019.

**Tiltak 049 – Redusera ramma til skulane med 11 % trekk i fagarbeidar/assistent i skulen**

Fagarbeidarar og assistentar i skulen er tilsett på kommunale vilkår, men følgjer arbeidstida i skuleåret. Det inneber at dei ikkje arbeider full stilling og skal ha eit trekk i lønn på 11 % for å tilpassa lønna til arbeidstida. Desse summene må trekkjast ut av den einskilde skule sitt budsjett.

**Ansvar 4 – Helse, familie, velferd**

**Tiltak 031 – Redusera 1 dagsenterdag psykisk helsevern**

Kutt 20 % stilling knytt til dagsenter psykisk helse, frå juli 2018.

Dette er ikkje ei lovpålagd teneste, men eit svært godt førebyggjande tiltak. Ein reduksjon her vil fort kunne kosta mykje meir enn innsparinga. Det vil kunne auka belastning på heimetenestene og redusere livskvalitet for brukarar. Og vi fyller ikkje krava om tilrettelagde kultur- og møteplassar for denne gruppa

Tenesta har allereie redusert med 1 årsverk etter opptrappingsplanen psykisk helse.

Tiltaket kan absolutt ikkje tilråast.

Innsparing i 2018: kr 75 000

Innsparing årleg deretter: kr 150 000

**Tiltak 073 – Kutt i konsulenttenester barnevern**

Kutter i budsjettert post avsett til konsulenttenester. Dette er ein post for kjøp av tenester når vi ikkje har nok kompetanse eller ikkje har kapasitet. Kjøpet av konsulenttenester varierer dermed frå år til år, og det er ikkje lett å forutsjå kva behovet vert.

Dette er altså ein usikker post, avhengig av kva hjelp tenesta treng i løpet av året.

innsparing 2018 - kr 147 000

Innsparing 2019- kr 55 000

**Tiltak 071 – Legevaktbustad (nedgradering av standard)**

Oppseiing leigeavtale attraktiv legevaktbustad frå april og nytta den legevaktbustaden vi har nytta i mange år og som vikarlegar ikkje har vore nøgd med.

Innsparing 2018 42 000

Innsparing 2019 58 000

**Ansvar 5 – Pleie og omsorg**

**Tiltak 026 – Avvikla aktivitørstilling/dagaktivisering for pasientar og bebuarar på FBBS**

Avvikling av aktivitørstilling. Dette går utover aktivisering og stimulering av pasientane slik at dei vert trøytt og passive. Redusering av aktivitør vil også gå kraftig utover koordinering/inntak av frivillige og organisering av kulturelle innslag på Fbbs. Ein får i mykje mindre grad drive med trening (motiview-

syklane) og sosiale tilstellingar som julebord og andre arrangement lyt utgå. Alt dette er tiltak som i stor grad er med å gjera kvardagen meningsfull for pasientane.

Dei eldre har rett på eit aktivt og meningsfullt tilvære. Ein kjem fort til lovbrøt om tilbødet vert fjerna.

#### **Tiltak 065 – Stenga arbeids- og aktivitetssenter for utviklingshemma**

Fusa kommune skal leggja til rette for at funksjonshemma kan ha eit aktivt og meningsfullt tilvære. Dagaktivitetstilbødet er viktig i så måte. Det er også eit førebyggjande tiltak. Avvikling av tilbødet vil sannsynlegvis ført til ein merkbar auke i uønskt åtferd - både utagering og meir uro. Bassengtrim for brukargruppa må avviklast då det er i regi av aktivitetssenteret. Unge multifunksjonshemma vert isolerte heime. Ein vil fort koma til lovbrøt om ein fjernar dagaktiviseringstilbødet til utviklingshemma. Viss ein avviklar arbeids- og aktivitetssenter for utviklingshemma og dagsenter psykisk helse kan ein i tillegg spare 360.000 kr i husleige. Det er usikkert kor snart ein eventuelt kan seia opp husleigeavtalen – dette må undersøkjast nærare!

#### **Tiltak 016 – Stengja dagsenter for eldre (Eikelandsosen og Baldersheim)**

Stenging av ordinært dagsenter for eldre på Baldersheim og i Eikelandsosen gjev sparte driftsutgifter på kr 813 000, men tapte inntekter på 200 000 kr. Netto innsparing 613 000 kr. Dagsenter for demente kan ikkje leggast ned. Det vert lovpålagt teneste, og vi har definert at vi skal styrkja demensomsorga i Fusa. Ideelt sett burde vi ha auka dagsentertilbød for brukargruppa. Heimebuande demente er ei stadig aukande utfordring som skal handterast. Stenging av ordinært dagsenter for eldre vil gje meirarbeid på heimesjukepleien omgåande. Vanskeleg å sei noko om kor mykje, men stipulerer til 50% stilling. Dette er medrekna i tiltaket.

For brukarane vert konsekvensen auka grad av einsemd, mindre aktivisering og stimulering, og det får konsekvens for ernæringsstatus. Det vert også mindre grad av avlastning for pårørande. På sikt kan konsekvensane med stor sannsyn verta auka behov for heimetenester og institusjonsplass. Undersøkingar peikar på daglegliv, måltid, aktivitet, sosiale og kulturelle tilhøve som dei svakaste sidene med dagens omsorgstilbød.

I Fusa har vi eit godt fungerande tiltak for dette, og ein skal tenkja seg godt om før ein tar det bort. Vi skal bidra til at den enkelte får høve til å leva og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meningsfylt tilvære i fellesskap med andre (lovkrav). Dei eldre har rett på aktivitet. Ein kjem fort til lovbrøt om tilbødet vert fjerna.

#### **Ansvar 7 – Teknisk drift**

##### **Tiltak 067 – Redusert vegvedlikehald**

Reduserer sommarvedlikehald med kr 40 000.

##### **Tiltak 068 – Redusert vedlikehald kommunale eigedommar**

Reduserer planlagt vedlikehald med kr 37 000.